



Dei kler kvarandre godt, Bjørgulv og Tempoen!

**Vårteikn kan vera så mangt! På Eik i Uskedalen har dei eit heilt spesielt teikn på når våren verkeleg er komen. Det er når 83 år gamle Bjørgulv Eik hentar fram 150 kubikkaren sin av merket Tempo, og tar seg ein liten køyretur på den flotte 1954 modellen. Desse køyreturane har også ei interessann historie å visa til.**

Bjørgulv Eik byrja i fjøskontrollen knapt 20 år gammal i 1952. Arbeidsområdet hans dei første åra var Husnes, Sunde og Valen. Framkomstmiddelet hans var då trøsykkel.

- Ja, det hende no at eg tok sykkel med på bussen frå Uskedalen, og så sykla eg mellom gardane der ute, fekk eg fortalt av Bjørgulv om oppstartsåra.

I 1954 starta ei ny tid for den unge mjølkekontrolløren. Då kjøpte han motorsykkelen.

- Eg kjøpte den i Odda for 2.500 kroner, og så kom den sjøvegen med MS Kvinnherad til Sandakaien. Derfrå køyrde eg den heim til Eik utan sertifikat, får eg vita om korleis motorsykkelen kom til bygda.

Den korte turen til Eik var truleg det einaste Bjørgulv køyrde ulovleg, for like etter tok han motorsykkelsertifikat på Stord. Det køyrer han på framleis.

Som framkomstmiddel for mjølkekontrolløren var Tempoen ein trufast følgjesvein i 25 år. I 1954 fekk han også utvida området sitt til å gjelda Uskedalen også. Vi hugsar han godt frå han farta rundt frå gard til gard med kassar med mjølkeprøveflasker bakpå.

- Eg hadde ofte to kassar med 50 prøveflasker i kvar. Prøveflaskene vart sendt til Bergensmeieriet til analyse. Det var først og fremst feittprosenten som vart undersøkt den gongen, fortel Bjørgulv om jobben.

Sist på 70-talet gjekk Bjørgulv Eik over til bil, og då vart Tempoen avskilta og sett vekk, men heldigvis ikkje for godt!

Med tida tok Bjørgulv Eik den fram att, og med godt hjelp av nevøane Audun og Ståle Eik vart den overhala og restaurert. Lakkinga vart gjort på Auto 88, og dei same gamle skilta R-12690 kom på att. No kan den flotte sykkel nyttast til koseturar, og til å forsikra naboane på Eik om at det går mot ljósare tider!

Bjørgulv Eik har også ein Jeep 1943 model som han kjøpte for 8 år sidan.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Øystein Enæs

